

Referat frå styremøte nr. 4-2020

Dato: 07.04.20

Tid: Kl. 13.00-15.00

Stad: Teams-møte

Til stades frå styret i SR:

Styreleiar Jan Ove Tryggestad (ordfører i Stranda kommune)

Nestleiar Vebjørn Krogsæter (varaordfører i Ålesund kommune)

Styremedlem Eva Vinje Aurdal (ordfører i Ålesund kommune)

Styremedlem Dag Olav Tennfjord (politikar i Ålesund kommune)

Styremedlem Eva Hove (ordfører i Fjord kommune)

Styremedlem Synnøve Vasstrand Synnes (kommunalsjef i Ålesund kommune)

Styremedlem Andreas Chr. Nørve (ass. rådmann i Herøy kommune)

Frå administrasjonen i SR:

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Rådgivar Vegard Austnes

Referent:

Vegard Austnes

Sak 19/2020: Velkomen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt

Ved styreleiar Jan Ove Tryggestad

Innkallinga vart godkjend.

Sak 20/2020: Godkjenning av referat frå styremøte nr. 3-2020 (31. mars 2020)

Ved styreleiar Jan Ove Tryggestad

Referatet frå forrige styremøte vart godkjend.

Det var ein merknad til referatet frå forrige styremøte sak 13/2020: Kva kan Sunnmøre Regionråd bidra med overfor deltakarkommunane i koronakrisa?: Merknaden var at ordførarmøte på video over påske vil vere nyttig, men at det må planleggast godt i høve til kva tema ein ønskjer å ta opp til drøfting. Næringslivet sine forventningar til kommunane i koronakrisa kan vere eit tema på møtet.

Sak 21/2020: Framtidig organisering av regionrådet

Innleiing ved styreleiar Jan Ove Tryggestad og dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Representantskapet i Sunnmøre Regionråd vedtok i sak 7/2020 (9. mars 2020):

«Representantskapet i Sunnmøre Regionråd ber styret førebu ei sak der det vert gjennomført ei evaluering og utarbeide framlegg til kva organisasjonsform som best kan sikre politiske gjennomslag, effektiv drift, demokratisk styring og samarbeid med næringslivet og frivillig sektor. Representantskapet ber styret legge fram ei innstilling for representantskapet til behandling seinast juni 2020.»

Dagleg leiar viste innleiingsvis til at Sunnmøre Regionråd etter vurdering frå KS Advokatene ikkje rettsleg forplikta til omorganisering til interkommunalt politisk råd.

Styreleiar stilte spørsmålet om regionrådet er rigga for framtida i høve til effekten av arbeidet. Få styret vart det m.a kommentert følgjande:

- På tidlegare styreseminar har styret vore samd om at Sunnmøre Regionråd skulle vere eit politisk organ.
- Organisering som interkommunalt politisk råd er grunngeve med omsynet til at det er eit offentleg organ. Ein må skilje mellom regionrådet som politisk organ og interkommunal tenesteproduksjon. Det er inga plikt å endre organiseringa, men det er forskjell på tenesteproduksjon og politiske møter. Politisk råd tydleggjer politisk verksemd. På søre og nordre Sunnmøre er tenesteproduksjonen prega av arbeidsmarkedsregionar, men i politiske saker bør ein ha felles interesser.
- Det er viktig at Sunnmøre Regionråd er relevant er for alle deltakarkommunane. Med nye Ålesund kommune er det større forskjellar mellom deltakarkommunane i regionrådet enn tidlegare. «Sprengstoffet» i regionrådet ligg store og små kommunar og stor geografi. Det var forslag om at delregionane (t.d søre Sunnmøre) kunne handame politiske saker i formøter før møta i Sunnmøre Regionråd.
- Sunnmøre Regionråd ikkje har vore god nok på saker og prosessar i det politiske samarbeidet. Regionrådet må ta opp og styrke det politiske, bli betre på å finne dei politiske sakene ein må samarbeide om og tone ned det interkommunale samarbeidet.
- Mykje av verdien i Sunnmøre Regionråd er samarbeidet innan helse og skule, her (samt innan energiøkonomisering) har regionrådet ei viktig rolle i å samordne kommunane. Det var forslag om å evaluere dette samarbeidet.

- Sunnmøre Regionråd må gå vekk frå tenestesamarbeid, eventuelt sjå på samarbeid som er overgripande for heile Sunnmøre. I den grad regionrådet skal arbeide med tenestesamarbeid, handlar det om utviding (ekspansjon) av slikt samarbeid.

-Styret vurderte om administrasjonen i Sunnmøre Regionråd har kapasitet til å lage eit kunnskapsgrunnlag i saka, og kom fram til at det måtte hentast inn ekstern bistand til dette. Det vart bestemt å kontakte Geir Vinsand i NIVI Analyse, som frå før (m.a. gjennom arbeidet med kommunereforma) er godt kjend med kommunane på Sunnmøre.

Når det gjaldt finansiering av den ekstern bistanden, vart det peika på at regionrådet kan søkje om organisasjonsutviklingsmidlar i KS.

Vedtak: Dagleg leiar tek kontakt med Nivi Analyse ved Geir Vinsand for å høyre om han kan delta på neste styremøte. Styret les Nivi Analyse sin rapport om læringspunkter frå kommunereforma på søre Sunnmøre til neste styremøte. Dagleg leiar undersøker om Sunnmøre Regionråd kan få organisasjonsutviklingsmidlar frå KS til ekstern bistand til arbeidet med framtidig organisering av regionrådet.

Sak 22/2020: Oppfølging av saka om Sunnmøre Soningscenter

Styremedlem Dag Olav Tennfjord tok opp spørsmålet om oppfølging av denne saka. Dagleg leiar følgjer opp i høve til eventuell bistand på strategisk kommunikasjon for å kome vidare med saka.